

SANDØY KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

28.03.2017

Kopi til: Ordførar  
Revisor  
Rådmann

Medlemmane av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I SANDØY KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**måndag 03.04.2017 kl. 15.45  
på Sandøy rådhus**

**SAKLISTE:**

- Sak - 01/17 - Godkjenning av møtebok frå møte 04.10.2016
- Sak - 02/17 - Plan for forvaltningsrevisjon i Sandøy kommune (Med etterhald om utsetting)
- Sak - 03/17 - Motteke brev om Pleie- og omsorgstenestene
- Sak - 04/17 - Kontrollutvalg/sekretariat, revisjon og kommunestrukturreformen
- Sak - 05/17 - Om budsjettet for 2017 - orienteringsak
  - Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [harald.rogne@no](mailto:harald.rogne@no)

Svein Ove Søholt  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
SANDØY KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 4. oktober 2016, kl. 15.45

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av Svein Ove Søholt

Elles til stades:

Nils Erling Finnøy, Jan Kåre Brunvoll og Ann Elin Harnes

= **4 voterande**

Elisabeth Marøy hadde forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar, Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå kommunen møtte ordførar Oddvar Myklebust, rådmann Ann-Heidi Paulsen Orvik samt Kim Andre Breivik og Gerhardt Strand Fitje frå teknisk etat. Vidare møtte flyktningkonsulent Lodvar Espeland.

Kommunen sine representantar med unntak av rådmannen forlet møtet etter behandling av sak 11/16.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

Sakene vart behandla i denne rekkefølgja: 11/16, 06/16, 07/16, 08/16, 09/16 og 10/16.

**SAK 06/16  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 4. MAI 2016**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 4. mai 2016 blir godkjent.

**SAK 07/16  
PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL I SANDØY KOMMUNE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 19.09.2016

**Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:**

Det blir utført ein kontroll av korleis kommunen ivaretok sine eigarinteresser. Arbeidet med kontrollen blir å avvente til eigarskapsmelding er behandla i kommunestyret.

**SAK 08/16**

**DRØFTING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON SANDØY KOMMUNE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 19.09.2016

Kontrollutvalet vart oppmoda ut i frå sin kunnskap om kommunen om å kome med forslag til prosjekt ut i frå ei vurdering av risiko og kva som er vesentleg.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vil kome tilbake til saka med ein plan for forvaltningsrevisjon.

**SAK 09/16**

**SANDØY KOMMUNE I ROBEKREGISTERET**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 19.09.2016

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 10/16**

**EIGENVURDERING AV UAVHENGIGHEIT FRÅ REVISOR**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 19.09.2016

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 11/16**

**FLYKTNINGBUSTAD M.M. (Saka kom opp under eventuelt)**

Leiar hadde stilt 2 spørsmål til ordførar og rådmann

1. Det ser ut til at flyktingar ikkje kjem.
2. Den byggeaktiviteten som no skjer på Huse og i Kravika. Er dei kun etter vedtatte byggeplaner, arealbehov og utsendte anbodsdokument for pleie og omsorg?

Han hadde også presentert tilleggsspørsmåla under:

1. Ligg det føre kommunestyrevedtak på det bygget som no er under oppføring?
2. Er prosjektet innarbeidd i budsjett eller økonomiplan?
3. Ligg det føre kostnadsoverslag og finansieringsplan for bygget og er det fullfinansiert?
4. Kva for tilskot gir t.d. Husbank og stat til prosjektet?
5. Vil ROBEK-kommunen Sandøy få godkjent lån?
6. Har byggearbeidet vore utlyst på Doffin for det bygget som no er under arbeid?
7. Er kontrakt med entreprenør/ar underskrevne?

Be om å få utlevert anbodsprotokollen.

Dei same spørsmåla vart tekne opp i møtet.

Ikkje alle spørsmåla vart avklara i møtet. Det som vart heilt avklara er at prosjektet ikkje er innarbeidd i budsjett eller økonomiplan. Det er vidare avklara at byggearbeidet har starta utan at finansieringa er i orden. Kontraktar er underskrevne. Det er avklara at det ligg føre kommunestyrevedtak på dei aktuelle bustadane, men utvalet har ikkje fått avklara kor stort avvik det er mellom bygg som er vedteke og bygg under arbeid. Bygga har vore utlyst på Doffin. Kontrollutvalet har ikkje klarheit i om Doffinutlysninga inneheld dei endringane som er gjort.

Det har kome fram ønske om meir opplysningar og på neste møte kan utvalet ta stilling til desse og om det skal gjerast noko arbeid i saka.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Svein Ove Søholt  
Leiar  
(sign.)

Nils Erling Finnøy  
nestleiar  
(sign.)

Jan Kåre Brunvoll  
medlem  
(sign.)

Ann Elin Harnes  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sandøy kommune

Dato: 28.03.2017

**SAK 03/17  
MOTTEKE BREV OM PLEIE- OG OMSORGSTENESTENE**

Som vedlegg følgjer:

- Anonymt udatert brev om pleie- og omsorgstenestene
- Brev datert 13.02.2017 fra kontrollutvalsekretariatet
- Svar datert 22.02.2017 fra leiar av pleie- og omsorgstenestene
- E-post datert 22.02.2017 om dokument som vil bli ettersend
- E-post datert 17.03 fra leiar av pleie- og omsorgstenestene

Brevet har vore til drøfting mellom medlemmane i utvalet og det kom fram klart ønske om å behandle saka. Med bakgrunn i dette vart brevet oversendt rådmannen med svarfrist 6. mars 2017.

Det anonyme brevet inneholder 6 kulepunkt og desse er spørsmål som det er ønska svar på.

I den grad enkelte spørsmål/tema treng meir svar og avklaring, kan dette gjerast som ein del av ei eventuell undersøking. Det kan også vere aktuelt å definere og spesifisere spørsmåla i dei 6 kulepunktene ved ei eventuell undersøking. Til dømes kan det vere aktuelt å sjå på tilsettingane som er gjort og ikkje berre nye stillingar. Stor avgang av personell og endring av stillingsbrøkar vil lett føre til mange tilsettingssaker utan å auke ei stillingsramme. Innleige av korttidshjelp kan også vere eit tema.

I komande plan for forvaltningsrevisjon vil det bli teke høgde for ei meir fleksibel og hendelsesbasert tilnærming enn i tidlegare planar. Når plan for forvaltningsrevisjon blir godkjent, kan undersøkinga av forholda bak det anonyme brevet bli avrekna mot denne planen. Kontrollutvalsekretariatet kan i samarbeid med kommunerevisjonen lage ei prosjektskisse som undersøkinga kan bygge på.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**vedtak:**

1. Kommunerevisjonen får i oppdrag å gjennomføre ei undersøking av dei forholda som er nemnt i brevet etter ei nærmare bestemt prosjektskisse. Kontrollutvalsekretariat i samarbeid med kommunerevisjonen får i oppdrag å utarbeide ei prosjektskisse.
2. Undersøkinga bør starte so snart som mulig.

Harald Rogne  
dagleg leiar

Til Kontrollutvalet i Sandøy Kommune

Eg sender dette til Kontrollutvalet I Sandøy Kommune som ANONYM, og brukar min rett til og være det.

Dette på grunn av slik situasjonen er på det administrerande i kommunen, men forventar at dette blir tatt på alvor.

Eg setter opp en del spørsmål som eg og mange ønsker svar på, og et håp om den forskjellsbehandlinga som foregår i kommunen blir stoppa. Slik at det blir like arbeidskår for alle.

Det beste er derfor om Kontrollutvalet ber einingsleiar i HOT svare på følgande spørsmål:

- Be om å få en oversikt over alle nye stillinger som er opprettet de siste 24 månedene, med en forklaring på behovskartleggingen som ble gjort i forkant av dette.
- Be om å få en lønnsoversikt for de nye stillingene, hvem som fikk disse stillingene, og ikke minst hvorfor.
- Be om å få en oversikt over hvilke stillinger nevnt over som ble utlyst, enten eksternt eller internt. (stillinger med varighet ut over 6 mnd skal (utlyses).
- Be om å få arbeidsinstruksen til einingsleiar per 01.01.2017.
- Be om å få en forklaring på hvorfor HOT omgår kommunens prinsipp om «flat organisering» ved at man innfører fagledere på flere områder.
- Be om svar på hvorfor det er flere sykepleiere/hjelpepleiere som er satt til andre oppgaver enn dem som faktisk jobber ute i pleien sammen med pasientene. (det er der de trengs) Det er sjukepleiere og hjelpepleiere som er satt til "spesialoppgaver": f.eks dataoppgaver, diverse prosjekt osv. Det er de som faktisk jobber på "golvet" opplever, er at det er flere helsepersonell på kontoret (i sivil bekledning uten uniform) enn de som faktisk jobber med pasientene. Kommunen bruker mange penger på å leie inn sjukepleiere fra vikarbyrå fordi det ikke er nok folk i pleien. Dette er rimelig meningsløst. Her må stillingsinstruks og organisering av personell opp på bordet.



## SUNNMØRE KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Vår dato:  
13.02.2017  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

Rådmannen i  
Sandøy kommune  
Steinshamnvegen 112  
  
6487 Harøy

### **Vedkomande anonymt brev om Helse- og Omsorgstenestene**

Brevet følgjer som vedlegg.

Medlemmane har drøfta pr. e-post om brevet skal bli behandla i kontrollutvalet. Etter ei totalvurdering meiner utvalet at brevet skal underleggast behandling.

Med bakgrunn i dette blir det bedt om skriftleg svar på det anonyme brevet innan 6. mars 2017.

Helsing

Harald Rogne  
dagleg leiar



Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS

Dykkar ref.:

Vår ref.: 17/127

Saksbehandlar, tlf.

Dato: 22.02.2017

JournalpostID: 17/972

Ann Kristin Røyset, 71 27 75 80

## Tilsvar kontrollutvalet knytt til anonym henvending

Viser til brev frå Sunnmøre kontrollutvalsekreteriat IKS motteke pr. e-post 13.2.2017.  
Dagleg leiar Harald Rogne ber om eit skrifteleg svar på vedlagt anonymt brev innan 6. mars 2017.  
Rådmann gjev tilsvar på det som er vurdert som spørsmål.

Kopi av svarbrev vert sendt til HTV i eininga, Hovudverneombod, Fagleiarar og ettersendt til  
Arbeidstilsynet og Fylkeslegen i Møre og Romsdal.

Svar på spørsmål vert gjeve ut frå kulepunkt oppsett i anonymt brev, her nummerert som følgjer:

- Ber om å få ei oversikt over alle nye stillingar som er oppretta dei siste 24 månadane, med behovskartlegging som vart gjort i forkant av dette.**

### Svar:

Sandøy kommune er i nedbemannning for å tilpasse drift til ramme både i notid og i økonomiplanperioden. I helse- og omsorgstenester er det ikkje oppretta nye stillingar dei siste 24 månadar jfr. reduksjon i årsverk. Det er endring av innhald i eksisterande årsverk i eininga, tilsetting i sjukevikariat og høgding av stilling til fast tilsette (der andre har hatt avgang til pensjon) som er gjennomført siste 24 månader. I tillegg er det personar i språkopplæring i eininga. Slike prosessar er alltid drøfta med tilitsvalde.

Behovskartlegging i forkant av tilsettingar i ledige eksisterande årsverk er basert på tenestleg behov. Herunder tildelte tenester, tal på pasientar i sengepostar, nye oppgåver eller krav som har kome i lov og avtaleverk, og behov for auka merksemd på eit fagområde. For tida har desse tenesteområda ekstra høg merksemd:

- rekruttering
- kvalitet på tilbodet til demente og deira pårørande
- oppgåver til primærkontakter og kvalitet på pårørandesamtalar
- rettar til menneske utan samtykkekompetanse
- utgreiing og kompetansebehov knytt til digitalt førsteaval, hjelp til sjølvhjelp, bruk av teknologi i tenesta( sensorar, alarmar, video m.v.)
- etikk og refleksjon over eigen praksis

Tenesta er i kontinuerleg endring. Som arbeidsline søker vi å dekke behov for tenester til innbyggjarar. Vi skal ha fokus på hjelp til sjølvhjelp, førebyggjande arbeid, og at vi kan ta i bruk tilgjengelege verkty for å forenkle arbeidsprosessar innan tilgjelege rammer for verksemda.

I slutten av dette tilvaret er det lista opp eit utval av gjeldande lovverk, forskrifter og forventningar til helse- og omsorgstenster.

Slik rådmann vurderar spørsmål om tilsettingar i anonymt brev er det fagstillingar som er etterspurt. Dette er vurdert ut frå utsagn om å *omgå prinsipp for flat struktur*.

Rådmann gav einingsleiar i oppdrag å organisere eininga slik at einingsleiar vart meir tilgjengeleg for arbeid innan prosjekt Sandøytunet, Kommunereform og OU prosessar hausten 2016.

Dokumentasjon på prosess for omdisponering av stillingar i eininga til fagstillingar er vedlagt som følgjer i vedlegg:

Vedlegg 1.

Korrespondanse mellom rådmann og einingsleiar om endring i organisering frå budsjett 2017. Etter godkjenning av rådmann vart prosess, her og medråderett og tilsetting gjennomført hausten 2016.

Vedlegg 2.

Utdelingstekst Fagleiar tenester

Vedlegg 3.

Sak; tilsetting Fagleiar drift/ forvaltning

Vedlegg 4.

Sak; tilsetting Fagleiar tenester

Utsending av saker i ope brev er klarert med tilsette.

**2. a. Ber om å få ei lønsoversikt for dei nye stillingane.**

**Svar:**

Hovudregelen er at Sandøy kommune følgjer tariff i tilsettingar. Tilsette kan leggje inn og få vurdert lønskrav/ forhandlingar etter eigne prosessreglar.

For Fagleiararar som vart tilsett var det tilbod og forhandlingar for Fagleiar tenester og direkte tilbod frå arbeidsgjevar til Fagleiar drift/ forvaltning. Einingsleiar vurderte at det var behov for at rådmann var med på heile tilsettingsprosessen og fastsetting av løn som vart tilbydd stillingane. Dåverande rådmann la fram og fastsette løn jfr. vedlegg 3 for stilling som Fagleiar drift/ forvaltning. For Fagleiar tenester er det gjennomført forhandlingar og protokoll er vedlagt i vedlegg 5.

**b. Kven som fekk desse stillingane?**

**Svar:** Går fram av vedlegg 3 og 4.

Fagleiar drift/ forvaltning: Sandra Sandøy  
Fagleiar tenester: Tone Gandrudbakken

**c. Grunngjeving for kvifor?**

**Svar:** Generelt er det kvalifikasjonar, eignaheit og erfaring til å inneha ei stilling som vert vurdert ved tilsetting i Sandøy kommune jfr. lov og avtaleverk.

**3. Ber om å få oversikt over kva stillingar som nemnt over som vart utlyst, anten eksternt eller internt.**

**Svar:** Det er 3 sjukepleiestillingar som er eksternt utlyst for Sandøy kommune, pt.utan kvalifiserte søkjrar.

Fagleiarstilling tenester vart lyst ledig internt, sjå vedlegg 2.

**4. Ber om å få arbeidsinstruksen til einingsleiar pr. 1.1.2017.**

**Svar:** Sandøy kommune har ikkje arbeidsinstruks for stillingar. Einingsleiar har leiaravtale, sjå vedlegg 6.

I tillegg til opplisting i leiaravtale har Einingsleiar desse oppgåvene:

- Prosjektleiing Sandøytunet- tenester der folk bur
- Systemansvarleg IKKS
- Systemansvarleg Gerica
- Journalansvarleg Gerica
- Delegert mynde til å gjere vedtak etter helse- og omsorgstenestelovgjeving
- Brannvernleiar Sandøytunet
- Medlem i samhandlingsgruppa i Sunnmøre regionråd
- Fagansvar skulemat/ kantina

Når det gjeld arbeidsinstruks generelt så har faggruppering og interne rutiner for arbeid vore meint å dekke dette, samt innhald i sak ved tilsetting i Sandøy kommune. Autorisert helsepersonell har utdanning og yrkesetiske retningslinjer å følgje. I tillegg har kommunen krav til tilsette i internkontrollen.

Det har tidlegare på overordna nivå ikkje vore krav om intruks til alle stillingar. Etter kvart som fleire oppgåver skal delast på færre, så har debatten om stillingsinstruks komme opp igjen. Det er ikkje teke endeleg avgjerd på form og standard for stillingsinstruks. Arbeidet med å innhente eksempel frå andre organisasjoner til å arbeide vidare med i prosess med tillitsvalde og vernetenesta er sett i gang.

**5. Ber om å få ei forklaring om kvifor Helse- og omsorgstenster omgår kommunens prinsipp om flat struktur?**

**Svar:** Helse- og omsorgstenster omgår ikkje kommunens prinsipp om flat struktur. Einingsleiar er leiar og har personalansvar for alt personell i eininga. Sjå vedlegg 7.

**6. Ber om svar på kvifor det er fleire sjukepleiarar/ hjelpepleiarar som er sett til andre oppgåver enn dei som faktisk arbeider ute i pleia med pasientane. Personell går i sivilbekledning utan uniform.**

**Svar:** Val av arbeidsantrekk er ut frå oppgåver som skal løysast, her tenestleg behov. Helse- og omsorgstenester har 25 ulike tenesteområder. Unnateke PPT som har kontor på skulen har alle tilsette i helse og omsorg oppmøtestad Sandøytunet. Det er tilsette frå 20- 100% stilling som brukar privateklede, nokon kvar dag andre periodisk. Tilsette i eininga har ikkje klesgodtgjering. Helsepersonellklede er betalingsteneste vi kjøper gjennom innkjøpsavtale. Tilsette som ikkje har tenestleg behov for arbeidsantrekk er oppmoda til å bruke privattøy for å halde nede utgifter til leigevask.

Tilsette som vert observert i privattøy kan være:

- Einingsleiar
- Sakhandsamar
- Leiande helsesøster
- Jordmor
- Folkehelsekoordinator
- Tilsette på dagaktivitetsenteret Møteplass
- Tilsette i storkjøkken ved arbeid med internkontroll, bestillingsarbeid
- Fagleiar drift/ forvaltning
- Fagleiar tenester

- Tilsette som bistår med flytting av pasientar mellom tenesteområde/ buformer
- Tilsette som har vore reisefølge til spesialisthelsetenester i løpet av vakta
- Tilsette med meiransvar innan ulike fagområder utover generell pleie og omsorg; kreftsjukepleiar, psykisk helsevern, MOT i lokalsamfunn/ barn og unge, hjelpemiddelkontakt, syn og hørselkontakt, koordinatorar- ikt, heimetenester, kort og langtidsavdeling.
- Tilsette som har internundervisningsoppdrag
- Tilsette som er i tiltak etter inkluderande arbeidsliv avtale/ gradert sjukemelde(NAV)
- Tiltak frå NAV
- Elevar/ studentar/ jobbskygging
- Tillitsvalde som er frikjøpte til lovpålagt møteverksemd
- Verneombod som er frikjøpte til lovpålagt møteverksemd

Dersom dagleg leiar i Sunnmøre kontrollutvalsekreteriat IKS vurderar at der er fleire spørsmål, ber rådmann om tilbakemelding på dette.

Ber om årsak for därleg tittel på nokon av vedlegga, dette grunna import til saka.

Med helsing  
for Sandøy kommune

Kim André Breivik  
Konst. rådmann

Ann Kristin Røyset  
leiar for helse- og omsorgstenester

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

#### Vedlegg:

Re

Internutlysing Fagleiar helse- og omsorgstenester 2016- Prosjektstilling (L)(18132)

Prosjektstilling Fagleiar tenester (L)(19207)

Prosjektstilling Fagleiar drift forvaltning helse- og omsorgstenenester

Skann\_20170222\_133839 (L)(23812)

leiaravtale AKR

Organisasjonskart helse- og omsorgstenester 01012017

#### Kopi til:

Sandra Sandøy

Tone Gandrudbakken

Kim-André Breivik

Linn Jenny Husøy Morsund

Laila Alvestad

Janne Pedersen

Vassbekkvegen 19

6487 HARØY

Markavegen 23

6487 HARØY

**Fra:** Ann Kristin Røyset  
**Sendt:** 8. september 2016 12:04  
**Til:** 4790150994  
**Emne:** Re:

Ok  
Ser på det.

Bryt med prinsipp for organisering av HOT over tid. Ser for meg at vi kan få søkerar, men er spendt på opplæring og oppgåvne fordeling.

Dette er vesentlig endring i kritisk fase av drift og omlegging.

Umiddelbart tenkjer eg at det er NK som vi har drøfta i eininga i vår som vil fu. best, men det skal eg tenke vidare på.

Må og vurdere om det er ein slik arbeidsdag eg meiner eg kan gje best arbeid i om eg ikkje skal leie HOT? Eg er knytt til tenester og folket i Sandøy.

Mvh.  
Akr

Sendt fra min iPhone

Den 8. sep. 2016 kl. 11.31 skrev "[4790150994@mms.telia.no](mailto:4790150994@mms.telia.no)" <[4790150994@mms.telia.no](mailto:4790150994@mms.telia.no)>:

Hei Ann Kristin. Du får en ekstra utfordring av meg mht budsjett. Du tenke ut en modell mht organisering for Hot fra nyttår. Jeg trenger deg som enhetsleder i kommune-reformarbeidet, prosjektleddelse Sandøy tunet investering og ou-prosjekt Hot. Du må komme opp med driftsmodell for daglig drift og ledelse som er avskiltet fra deg. Omfang i alle fall innflytting Sandøy tunet (til 1.9.), men jeg tror behovet er der til ny kommune blir etablert. Dette er det viktigste tiltak jeg ser for Hot. Vi kan ikke risikere sårbarheten som følge av at du er alene om dette lengre, og vi trenger noen som er nær de ansatte i alle disse prosessene. Til dette innstiller jeg på at vi må arbeide for rammestyrking. Mvh Ann Heidi



---

## Notat

---

Til: Ann-Heidi Paulsen Orvik, Linn Jenny Husøy Morsund, Sally Ramjit Bergtun,  
Sandra Sandøy

Kopi til:

Saksbehandler	Ann Kristin Røyset
Vår referanse	16/315 / FE - 410 / 16/5566
Dato	22.09.2016

### **Internutlysing Fagleiar helse- og omsorgstenester 2016- Prosjektstilling**

Rådmann har bede om at einingleiar organiserer eininga slik at einingsleiar vert fristilt til å betre kunne gjennomføre viktige satsingar for eininga/ kommunen.

Etter avtale med tillitsvalde i FO, NSF og Fagforbundet vert Fagleiar for tenester lyst ut internt i Sandøy kommune. Stabilitet i drifta er vurdert som viktig for partane.

Saka er drøfta i 2 drøftingsmøter, og orientert om i møte med TV og VO i tenesta sist 28.9.2016. Partane i arbeidslivet er samde om at det har vore grundige og gode drøftingar.

Helse- og omsorgstenesta har behov for styrking av leiarteam knytt til byggeprosjektet Sandøytunet, OU prosessar som er vedteke gjennomført og arbeid med kommunereforma- danning av nye kommunar. Siktemålet med å tilsette i fagleiarstilling er at einingsleiar skal kunne prioritere meir desse satsingar ytterlegare.

Prosjektstart er 15.10.2016- 31.12.2018, med mulighet til vidareføring til 31.12.2019.

## INTERNUTLYSING SANDØY KOMMUNE

### Kvalifikasjonar vi søker etter:

**Prosjektstilling, Fagleder tenester i helse- og omsorg. Prosjektstiling gjeld frå 15.10.2016- 31.12.2018, med mulighet for vidareføring til 31.12.2019.**

Vi søker fagleiar for tenester med følgjande eigenskapar:

- 4 års høgskuleutdanning
- vidareutdanning i områda minst eitt av områda eldre og aldring, psykisk helsearbeid, leiring, demensomsorg
- god kjennskap til tildeling av tenester
- fokus på samhandling/ samskaping og kompetanse
- du arbeider sjølvstendig og kan ta eigne avgjerder samt formidle /samhandle og jobbe i team.
- du er fleksibel og har evne til å bidra til utvikling av tenesta
- du snakkar og skriv godt norsk

### Oppgåver:

Einingsleiar har ansvar for den faglige oppfølgingen av fagleder gjennom faste samtaler/møter.

- Det er forventa at fagleiar deltar i aktuelle nettverk og følgjer opp statlege satsingar innan ulike område her særleg kvalitetsutvikling, psykisk helsearbeid og demensomsorg for å bidra til utvikling av tjenesteområdet.
- Fagleiar rapporterer status til einingsleiar i teammøter

### Fagleiar sitt hovudarbeidsområde:

- Fagleiar har delegert ansvar for systematisk faglig oppfølging av tildelte tenester og fagutvikling i eininga. Samt å gjøre vedtak på ikkje prinsipielle saker knytt til tildeling av tenester
- Fagleder har saman med einingsleiar medansvar for eininga sin kompetanse og rekrutteringsplan
- Fagleder følgjer opp satsinga på Dagaktivitetstilbod for menneske med demenssjukdom

### Fagleiar sitt ansvar er å sikre:

- Framdrift i fagutvikling på eininga
- Rettleiring av tilsette, og faglig oppfølging av ansatte på fag
- Følgje opp i det daglege koordinatorar, ha tilbod om rettleiring til desse
- Følgje opp intern samhandling ved å delta i møteplassar i dei ulike
- Avdelingane, dette fordelt på alle avdelingar i løpet av veka
- Følgje opp søknader om tenester og vedtak i inntaksnemnd

- Tilrettelegge oppstart og følge opp tett i fht. nytilsatte, vikarer, lærlinger og studentar
- Ha fokus på ressursutnyttelse av kompetanse, sikre forsvarleg sjukepleietenester i dagleg drift i samarbeid med Fagleiar drift/ forvaltning.
- Utføre delegerte oppgaver og ansvar som er gitt fra einingsleiar

Personlig eignaheit og erfaring i oppgåveområda vert veklagt. Søkjar må kunne gå inn i 100% stilling og tiltre frå 15.10.2016.

Det er i stilinga unntak for overtidsreglar knytt til:

- Eit større ansvar
- Kan treffe sjølvstendige avgjelder
- Kan styre eige arbeid og arbeidstid

**Vi kan tilby:** Lønn etter avtale.

**Stillingane er ledig frå:** **15. Oktober 2016.**

**Søknadsfrist: 9.10.2016**

Tilsetting skjer på dei vilkår som framgår av gjeldande lover, reglement og tariffavtale. Nærare opplysingar om stillingane kan du få av einingsleiar:

Ann Kristin Røyset på tlf. 712 77 580, eller på e-post:  
[ann.kristin.royset@sandoy.kommune.no](mailto:ann.kristin.royset@sandoy.kommune.no)

Ann Kristin Røyset  
leiar for helse- og omsorgstenester



Kopimottakar:

Dykkar ref.: Vår ref.: 16/761 Saksbehandler, tlf. Dato: 18.10.2016  
JurnalpostID: Ann Kristin Røyset, 71 27 75 80  
16/6100

## **Prosjektstilling: Fagleiar tenester**

### **Samandrag:**

Rådmann har gitt mandat til einingsleiar å organiserer eininga slik at einingsleiar vert fristilt til å betre kunne gjennomføre viktige satsingar for eininga/ kommunen. Dette skal gjerast på ein slik måte at dagleg drift mot tilsette og brukarar vert styrka. Einingsleiar skal ha kapasitet til prioritering av prosjekt Sandøytunet, Ou- prosessar i helse og omsorg og kommunereform arbeid. Arbeidet skal organiserast slik at dagleg drift ikkje skal bli påverka negativt av utviklingsprosesserar som pågår.

Etter avtale med tillitsvalde i FO, NSF og Fag forbundet vert tenesta midlertidig organisert med to fagleiarar under einingsleiar.

1. Fagleiar drift/ forvaltning- direkte tilsetting
2. Fagleiar for tenester- lysast ut

Saka er drøfta i 2 drøftingsmøter, og orientert om i møte med TV og VO i tenesta sist 28.9.2016. Partane i arbeidslivet er samde om at det har vore grundige og gode drøftingar. Stabilitet i drifta er vurdert som viktig for partane.

### **Saksopplysningar:**

Etter avtale med tillitsvalde i FO, NSF og Fag forbundet vert tenesta midlertidig organisert med to fagleiarar under einingsleiar.

1. Fagleiar drift/ forvaltning- direkte tilsetting
2. Fagleiar for tenester- lysast ut

Saka er drøfta i 2 drøftingsmøter, og orientert om i møte med TV og VO i tenesta sist 28.9.2016. Partane i arbeidslivet er samde om at det har vore grundige og gode drøftingar. Helse- og omsorgstenesta har behov for styrking av leiarteam knytt til byggeprosjektet Sandøytunet, OU prosessar som er vedteke gjennomført og arbeid med kommunereforma- danning av nye kommunar. Siktemålet med å tilsette i fagleiarstilling tenester er at einingsleiar skal kunne prioritere meir desse satsingar.

Då søknadsfristen gjekk ut var det komme inn ein kvalifisert søker: Tone E. Gandrudbakken. Det vart 13.10.2016 gjennomført samtale med søker basert på intervjuguide frå internkontroll. Rådmann og einingsleiar deltok, og har fastsett løn.

### Vurdering og konklusjon

Ut frå kjennskap til søker frå tidlegare arbeid, søknad og motivasjon for å tiltre stillinga, samt intervju er søker godt kvalifisert til projektstillinga.

I utlysningstekst er det slike forventingar til oppgåver:

Einingsleiar har ansvar for den faglige oppfølginga av fagleder gjennom faste møtepunkt.

- Det er forventa at fagleiar deltar i aktuelle nettverk og følgjer opp statlege satsingar innan ulike område her særleg kvalitetsutvikling, psykisk helsearbeid og demensomsorg for å bidra til utvikling av tenesteområdet.
- Fagleiar rapporterer status til einingsleiar i teammøter

Fagleiar sitt hovedarbeidsområde:

- Fagleiar har delegert ansvar for systematisk faglig oppfølging av tildelte tenester og fagutvikling i eininga. Samt å gjøre vedtak på ikkje prinsipielle saker knytt til tildeling av tenester
- Fagleder har saman med einingsleiar medansvar for eininga sin kompetanse og rekrutteringsplan
- Fagleder følgjer opp satsinga på Dagaktivitetstilbod for menneske med demenssjukdom

Fagleiar sitt ansvar er å sikre:

- Framdrift i fagutvikling på eininga
- Rettleiing av tilsette, og faglig oppfølging av ansatte på fag
- Følgje opp i det daglege koordinatorar, ha tilbod om rettleiing til desse
- Følgje opp intern samhandling ved å delta i møteplassar i dei ulike avdelingane, dette fordelt på alle avdelingar i løpet av veka
- Følgje opp søknader om tenester og vedtak i inntaksnemnd
- Følgje opp oppstart nyttilsette, vikarar, lærlingar og studentar
- Ha fokus på ressursutnytting mot kompetanse, sikre forsvarleg sjukepleitenester i dagleg drift i samarbeid med Fagleiar drift/ forvaltning og koordinatorar
- Utføre delegerte oppgaver og ansvar som er gitt fra einingsleiar

Prosjektstart er 1.11. 2016- 31.12.2018, med mulighet til vidareføring til 31.12.2019.  
Det er i stillinga unntak for overtidsreglar knytt til:

- Eit større ansvar
- Kan treffe sjølvstendige avgjerder gjennom delegasjon
- Kan styre eige arbeid og arbeidstid

**Vedtak:**

Tone Gandrudbakken f. 17.04.67 vert tilsett i 100% stilling som fagleiar tenester i prosjektstilling frå 1.11. 2016- 31.12.2018, med mulighet til vidareføring til 31.12.2019.  
Ut frå arbeidets art med periodevis mykje meirarbeid vert stillinga tilbydd løn kr. 570 000 årleg.

Med helsing  
for Sandøy kommune

Ann-Heidi Paulsen Orvik  
rådmann

Ann Kristin Røyset  
leiar for helse- og omsorgstenester

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*





Sandra Sandøy

Dykkar ref.: Vår ref.: 16/761 Saksbehandlar, tlf.  
JournalpostID: Ann Kristin Røyset, 71 27 75 80  
16/5771

Dato: 02.10.2016

## **Prosjektstilling: Fagleiar drift/ forvaltning helse- og omsorgstenenester**

### **Samandrag:**

Rådmann gitt mandat til einingleiar om å organiserer eininga slik at einingsleiar vert fristilt til å betre kunne gjennomføre viktige satsingar for eininga/ kommunen.

Etter avtale med tillitsvalde i FO, NSF og Fagforbundet vert tenesta midlertidig organisert med to fagleiarar under einingsleiar.

1. Fagleiar drift/ forvaltning- direkte tilsetting
2. Fagleiar for tenester- lysast ut

Saka er drøfta i 2 drøftingsmøter, og orientert om i møte med TV og VO i tenesta sist 28.9.2016. Partane i arbeidslivet er samde om at det har vore grundige og gode drøftingar. Stabilitet i drifta er vurdert som viktig for partane.

### **Saksopplysningar:**

Rådmann har gitt mandat til einingleiar om å organiserer eininga slik at einingsleiar vert fristilt til å betre kunne gjennomføre viktige satsingar for eininga/ kommunen.

Etter avtale med tillitsvalde i FO, NSF og Fagforbundet vert tenesta midlertidig organisert med to fagleiarar under einingsleiar.

3. Fagleiar drift/ forvaltning- direkte tilsetting
4. Fagleiar for tenester- lysast ut

Saka er drøfta i 2 drøftingsmøter, og orientert om i møte med TV og VO i tenesta sist 28.9.2016. Partane i arbeidslivet er samde om at det har vore grundige og gode

drøftingar. Fagleiar drift/ forvaltning vert ikkje lyst ledig, då Sandra Sandøy pt. har mange av desse oppgåvene. Ho vert tilbydd stillinga direkte, men med endring i arbeid og lønsvilkår.

Helse- og omsorgstenesta har behov for styrking av leiarteam knytt til byggeprosjektet Sandøytunet, OU prosessar som er vedteke gjennomført og arbeid med kommunereforma- danning av nye kommunar. Siktemålet med å tilsette i fagleiarstilling er at einingsleiar skal kunne prioritere meir desse satsingar.

Prosjektstart er 15.10.2016- 31.12.2018, med mulighet til vidareføring til 31.12.2019.

Det er i stilinga unntak for overtidsreglar knytt til:

- Eit større ansvar
- Kan treffe sjølvstendige avgjerder
- Kan styre eige arbeid og arbeidstid

Ut frå arbeidets art med periodevis mykje meirarbeid vert stillinga tilbydd løn kr. 530 000 årleg.

Meirarbeid må takast ut i fri når drifta tillet dette.

Ferie og uttak av fri skal avtalast med einingsleiar.

### **Vurdering og konklusjon**

Sandra Sandøy har hatt arbeid som kontormedarbeidar/ konsulent i helse- og omsorgstenester(HOT) sidan 2012. Ho kjenner drift og oppgåver i HOT godt og er såleis eigna for ytterlegare ansvar.

Ho har god system forståing, gode IKT ferdigheiter som er viktige eigenskapar for å utføre oppgåver i stilling. Sandøy har hatt opplæring i Web sak for heile kommunen i 2016. I HOT har ho til no mellom anna hatt; oppfølging av arbeidsplanar, innkjøp, fakturering innan fagsystemet, og delteke i møter med TV og VO som sekretær, lagt til rette for inntak sak/tenester, og lagt til rette for omlegging og realisring av nye arbeidsplanar. Det er desse oppgåver einingsleiar har behov for ytterlegare avlastning innanfor. Ny arbeidsplan og avtale vert inngått om Sandra Sandøy takkar ja til stillinga.

### **Vedtak:**

Sandra Sandøy vert tilbydd prosjektstilling som fagleiar drift/ forvaltning i 100% frå 15.10.2016- 31.12.2018.

Stilling vert avlønna som fagleiar med kr. 530 000 i årsløn.  
Det er i stillinga unntak for overtidsreglar knytt til:

- Eit større ansvar
- Kan treffe sjølvstendige avgjelder
- Kan styre eige arbeid og arbeidstid

Med helsing  
for Sandøy kommune

Ann-Heidi Paulsen Orvik  
rådmann

Ann Kristin Røyset  
leiar for helse- og omsorgstenester

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Ann-Heidi Paulsen Orvik  
Mariann Husøy

**Mottakarar:**  
Sandra Sandøy

## Protokoll Norsk Sykepleierforbund

Det vert halde lønnsforhandling 07.11.2016 på Sandøy rådhus mellom rådmannen Ann Heidi Paulsen Orvik og Tone Gandrudbakken. Til stades var også hovedtillitsvalgt frå Norsk Sykepleierforbund Linn Jenny Morsund og rådgjevar Mariann Husøy.

Heimel for forhandlingane var HTA kap. 4 – forhandlingsbestemmelser – **pkt 4.0.**

Grunngjeve krav frå NSF: 590 000 kr

Tilbod frå arbeidsgjever: 570 000 kr

Forhandlingsresultat: 580 000 kr frå 1.11.16.

Harøy, 07. 11.2016

For arbeidsgjever

Mariann Husøy

Mariann Husøy  
Rådgjevar

For Norsk Sykepleierforbund

Linn Jenny Morsund

Linn Jenny Morsund  
Hovudtillitsvald NSF



Saksbehandler Ann-Heidi Paulsen Orvik  
Vår referanse 15/878 / / 15/3710  
Dato 17.12.2015

## **Leiaravtale 2016- Ann Kristin Røyset**

mellom rådmannen og einingsleiar Ann Kristin Røyset som er leiar for helse-og omsorgstenester i Sandøy kommune

### **0.1 Målet med avtalen er å:**

- avklare forventningar og resultatkrav for tenesteutviklinga
- tydeleggjere oppfølgingsansvaret einingsleiarane har av avtalte, definerte og vedtekne mål
- sikre ei systematisk resultatoppfølging av desse måla
- avklare innhaldet i rolla til einingsleiarane
- avklare gjensidige forventningar mellom rådmann og einingsleiarane og medverke til eit godt samarbeid dei i mellom
- setje ord på kva det inneber å vere leiar i Sandøy kommune

### **0.2 Todelt avtale**

- a) Generell del som er felles for alle einingsleiarane.
- b) Spesiell del for den enkelte leiar som blir årleg vurdert, m.a. utifrå resultatoppnåing med grunnlag i handlingsplanen til eininga.

## **DEL I GENERELL DEL**

### **1.0 GENERELT**

- Leiaravtalen regulerer og avklarar forholdet mellom rådmannen og einingsleiar.
- Avtalen set ord på dei forventningar/krav om resultat som rådmannen set til einingsleiarane.
- Leiaravtalen seier noko om korleis ein skal gå fram for å finne ut av om forventningane som er sett, er innfridde.

#### **1.1.1 Ansvar - innhald i leiarrolla**

Tenesteytinga i eininga skal skje i høve til lov og forskrift, fagleg konsensus og lokale vedtak så langt det finst, men samtidig nytte utøvande skjønn.

Einingsleiar er ansvarleg for at verksemda gjer vedtak i tråd med lover og reglement for saksbehandling, etter delegering frå rådmannen.

Dette er regulert av delegasjonsreglement og rådmannen si subbdelegering av driftsfullmakter.

Einingsleiar er ansvarleg for å utarbeide handlingsplan/talbudsjett for sitt område i samsvar med kommunen sitt oppsett for slike planar.

Ved behov for råd/rettleiing skal einingsleiar søkje det hos rådmannen/administrasjonen

### **Klager**

Skriftlege og munnlege meldingar frå brukarar og/eller pårørande/føresette, skal behandlast på ein systematisk måte slik at saka blir belyst frå ulike sider. Både den som er klagar og den som det blir klaga på skal få sine interesser ivaretakne.

### **1.2.2 Personale**

Viktige styringsdokument som skal vise kommunen sin felles arbeidsgjeverpolitikk:

- Det arbeidsgjeverpolitiske styringsdokumentet med alle beskrivne område
  - HMS-systemet
  - Lokalt vedtekne prinsipp, retningsliner og reglement
  - Lov- og avtaleverk: Dvs hovudtariffavtalen, hovudavtalen, arbeidsmiljølov, ferielov m.m
  - Kommunen sitt kvalitetssystem for personal- og organisasjonsarbeidet (t.d. prosedyre for tilsetjing, arbeidsavtalar m.m.)
- Einingsleiar er arbeidsgjever og skal leie og fordele arbeidet innan eininga.
  - Einingsleiar har ansvaret for å ta avgjerslene i det løpende personalarbeidet i samsvar med rådmannen si subbdelegering av personalfullmakter.
  - Einingsleiar skal ha ein open dialog med tillitsvalde og vernetenesta.
  - Einingsleiar skal kjenne til og rette seg etter dei styringsdokumenta som gjeld for den felles arbeidsgjeverpolitikken.
  - Einingsleiar skal halde seg orientert om vesentlege politiske vedtak
  - Einingsleiar skal ha oversikt over talet på stillingar, tilsetjingsforhold, løn, sjukefråvær m.v.
  - Einingsleiar skal stå for eit aktivt arbeidsmiljø- og sjukefråværssarbeid m.a. gjennom aktiv bruk av HMS-systemet og i tråd med prinsipp og føringar i Inkluderande Arbeidsliv
  - Einingsleiar skal søkje å løyse konfliktar i personalet på lågaste nivå.

Ved behov for råd/rettleiinga skal einingsleiar søkje det hos rådmannen/administrasjonen

### **1.2.3 Økonomi**

6. På grunn av habilitets- og lojalitetsomsyn skal einingsleiaren ikkje delta i organiserte partipolitiske samanhengar.

## 1.3 ARBEIDSGJEVAR OG EININGSLEIAR SINE PLIKTER

Innbyggjarane og myndighetene stiller store krav til kommunen m.o.t. omfang og kvalitet på tenestene. Samtidig blir gapet mellom ressursar og behov større. Det å vere leiar i Sandøy kommune er ei krevjande oppgåve, og kommunen stiller følgjeleg store krav til kvar enkelt leiar.

Kommunen ser det som viktig at ein har ein aktiv arbeidsgjevarpolitikk overfor leiariane, der tenlege løns- og arbeidsvilkår, kompetanseutvikling, støtte, råd og hjelp frå rådmann, eit avklart og konstruktivt samarbeidsklima einingsleiarane i mellom, og faglege fora er sentrale verkemiddel.

### 1.3.1. Kva einingsleiarane kan forvente av rådmannen:

- at han er einingsleiarane sin nærmaste overordna
- at det er ei prioritert oppgåve for rådmannen å vere tilgjengeleg og gje aktiv støtte til einingsleiarane i gjennomføringa av deira leiarjobb – jamfør punkt 1.2.2
- at rådmannen er lojal overfor sine einingsleiarar – jamfør punkt 1.1.3
- at rådmannen snakkar direkte med einingsleiarane
- at rådmannen gir klare tilbakemeldingar om det som fungerer godt for å fremje utvikling
- at det som fungerer mindre godt blir møtte med konstruktiv kritikk frå rådmannen si side
- at dersom resultata og leiarframferda krev ei nærmare oppfølging, så skal rådmannen fyrst ta opp dette med leiar før han eventuelt går vidare med saka
- at rådmannen tek det overordna ansvaret for å sikre tenesteytinga på tvers av einingane, samt sikre at samarbeidet mellom einingane fungerer

### 1.3.2 Til gjengjeld ventar rådmannen at:

- einingsleiaren praktiserer same direkte tilbakemeldingsform
- einingsleiaren aksepterer at rådmannen si rolle er å gjere vurderingar utifrå eit heilheitleg perspektiv
- einingsleiaren aksepterer at rådmannen aleine representerer og står ansvarleg for heile administrasjonen i høve til dei politiske styringsorgana

## 1.4 BEREDSKAP

I tillegg til kommunen sin overordna beredskapsplan, pliktar einingsleiaren å utarbeide relevante beredskapsprosedyrar for si eining, basert på eit utval scenario, og sørge for at desse vert gjort godt kjent internt i si eining, gjennom øving og informasjon.

### 1.4.1 Beredskapsansvar

I tillegg vil det bli kalla inn til ein leiarsamtale i samband med oppstarten av budsjettprosessen i løpet av mai/juni.

Utover dette kan leiarsamtalar bli gjennomført ved behov.

Dersom det er positive eller negative avvik i høve til verksemoplan og leiaravtale, skal årsakene til dette klarleggast gjennom samtalen.

### **1.7.2 Prosedyre for drøfting av manglande samsvar mellom krav/forventningar og innfridde resultat**

Dersom det er manglande resultat i høve til denne leiaravtalen, skal drøftinga mellom rådmannen og einingsleiari skje slik:

- einingsleiaren blir gjort merksam på rådmannen si vurdering
- einingsleiaren får høve til å orientere om situasjonen
- det blir gjort avtale om ein konkret plan for forbetingar
- det blir avtalt faste oppfølgingssamtalar mellom rådmannen og einingsleiaren i høve til korleis det går med forbettingsplanen

### **1.7.3 Avviklingsordning for leiarar – avtale om omplassering**

Dersom einingsleiaren sine resultat etter rådmannen si vurdering ikkje er tilfredsstillande, og dette i alt vesentleg skuldast manglar ved einingsleiaren sin innsats eller måten å utøve leiarskapen i kommunen på, og det vidare er urealistisk å oppfylle leiaravtalen, skal partane forhandle om løysing av situasjonen.

### **1.7.4 Retrettstilling**

Dersom spesielle situasjoner oppstår, kan einingsleiaren be om å forhandle om retrettstilling/omplassering.

## **DEL II - RESULTATMÅL FOR EININGSLEIAR**

Nedanfor vert einingsleiaren sine resultatmål for avtaleperioden – med referanse til handlingsplan for eininga, budsjett, aktuelle politiske vedtak m.m. – sett opp.

Det er viktig at det ikkje blir sett opp for mange tiltak, men at einingsleiaren og rådmannen i samråd vel ut nokre konkrete mål for eininga og den enkelte leiar.

## **2.0. Generelt**

Det skal for kvart år setjast opp resultatmål for einingsleiaren. Desse måla blir systematisk og formelt evaluert ein gong pr. år.

**Resultatmåla for 2011 blir følgjande:**

Når ein skriv under på avtalen, pliktar ein seg til å kjenne innhaldet i avtalen og dei vedlegga som det blir vist til.

Avtalen er eit offentleg dokument, som beskrev forholdet mellom rådmannen og einingsleiaren i eit styringssystem. Punkt 2.1.2 beskrev individuelle forhold, og kan unntakast offentlegheit om forholda ein går in på er av personleg art. Dette avklarast undervegs i samtalen.

Rådmannen er ansvarleg for forvaltninga av leiaravtalen.

Harøy, den 17.desember 2015

Ann-Heidi Paulsen Orvik  
rådmann

Ann Kristin Røyset  
Einingsleiar

## Notat


Til: Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS

Kopi til:

Saksbehandler Ann Kristin Røyset  
Vår referanse 17/127 / FA - F00 / 17/1160  
Dato 22.02.2017

## Organisasjonskart helse- og omsorgstenester 01012017

Helse- og omsorgstenester har 25 tenesteområder. Hovedområda er lista opp i oversikta nedanfor.



Ann Kristin Røyset  
Leiar for helse- og omsorgstenester

## **Harald Rogne**

---

**Fra:** Ann Kristin Røyset <Ann.Kristin.Røyset@sandøy.kommune.no>  
**Sendt:** 22. februar 2017 21:35  
**Til:** Harald Rogne  
**Kopi:** Kim André Breivik; Laila Alvestad; Linn Jenny Morsund; Janne Pedersen  
**Emne:** Manglar vedlegg: svar på anonymt brev.

Ber om årsak for at oversikt over lover og rettleiarar ikkje vart med i svar på brev.  
Dette vedlegg 8 vert ettersendt innan fristen 6.3.2017.

Kopi: råd, tv, hvo

Ann Kristin Røyset  
Einingsleiar helse- og omsorgstenester

Sandøy kommune

## **Harald Rogne**

---

**Fra:** Ann Kristin Røyset <Ann.Kristin.Røyset@sandoy.kommune.no>  
**Sendt:** 17. mars 2017 10:55  
**Til:** Harald Rogne  
Kim André Breivik  
**Kopi:** Re: SV: Manglar vedlegg: svar på anonymt brev.  
**Emne:**

Hei  
Ja, ser at rettleiarar mv ikkje vart med. Dette var meir for oversikt- ikkje vidare svar på spørsmål. Sender over dette.  
Takk for påminning.

Ann Kristin Røyset  
Einingsleiar helse- og omsorgstjenester

Sandøy kommune

> Den 17. mar. 2017 kl. 10.42 skrev Harald Rogne <harald.rogne@sksiks.no>:  
> > Hei, eg trakkar for svar på spørsmåla. Av e-posten nedenfor ser det ut for at du har tenkt å sende fleire dokument. I so fall høyrer eg gjerne frå deg.  
> > Helsing  
> > Harald Rogne  
> > dagleg leiar  
> >   
> > -----Opprinnelig melding-----  
> > Fra: Ann Kristin Røyset [mailto:Ann.Kristin.Røyset@sandoy.kommune.no]  
> > Sendt: 22. februar 2017 21:35  
> > Til: Harald Rogne <harald.rogne@sksiks.no>  
> > Kopi: Kim André Breivik <Kim.Andre.Breivik@sandoy.kommune.no>; Laila Alvestad <Laila.Alvestad@sandoy.kommune.no>; Linn Jenny Morsund <Linn.Jenny.Morsund@sandoy.kommune.no>; Janne Pedersen <Janne.Pedersen@sandoy.kommune.no>

- > Emne: Manglar vedlegg: svar på anonymt brev.
- > Ber om årsak for at oversikt over lover og rettleiarar ikkje vart med i svar på brev.
- > Dette vedlegg 8 vert ettersendt innan fristen 6.3.2017.
- > Kopi: råd, tv, hvo
- > Ann Kristin Røyset
  - > Einingsleiar helse- og omsorgstenester
- > Sandøy kommune

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sandøy kommune

Dato: 28.03.2017

**SAK 04/17  
KONTROLLUTVAL/SEKRETARIAT, REVISJON OG KOMMUNE -  
STRUKTURREFORMEN**

Inndelingslova av 15. juni 2001 nr. 70 og forarbeida til denne Ot.prp. nr. 41 (2000-2001) set dei lovmessige rammene for kommunesamanslåingsprosessen.

Nedanfor vil eg liste opp nokre av dei forholda som er viktig å ha kunnskap om.

Inndelingslova har ikkje heimel til å etablere felles kontrollutval fram til ny kommune er etablert slik at eksisterande kontrollutval fungerer inntil ny kommune er etablert.

Inndelingslova § 25 føreset at fellesmøtet mellom dei aktuelle kommunestyra som fylkesmannen kallar inn til etter at det er gjort vedtak om samanslåing skal drøfte val av revisor for fellesnemnda. Val av revisor skal skje i dei respektive kommunestyra. Vanleg prosedyre er at kontrollutvala i kommunen innstiller i saka.

Fellesnemnda kan få fullmakt til å velje revisor i den nye kommunen. Kontrollutvala i dei samanslåande kommunane skal gi kvar si innstilling.

Når det gjeld folkevald kontroll med verksemda i fellesnemnda, bør den ligge til den enkelte kommune sitt kontrollutval. Dette går fram av Odelstingsproposisjonen nemnt ovanfor under pkt. 8.2.3.

Fellesnemnda kan få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon og kontrollutvalsekretariat. Kontrollutvala skal avgj i saker om val av sekretariatsordning. Til å utgreie ei slik sak bør det nyttast eit settesekretariat.

Kontrollutvala bør etter at vedtak om samanslåing er gjort vurdere å endre fokus frå det å sjå bakover til eit meir «her og no» fokus. Det kan vere aktuelt å be rådmannen om hyppige orienteringar om prosessen. Kontrollutvala bør ha fokus på m.a. internkontroll, interkommunalt samarbeid og eigarstyring.

Eit spørsmål som må bli avklara er kva revisor skal uttale seg om i forhold til fellesnemnda sitt arbeid og kven revisor skal rapportere til. Det er ikkje gitt reglar om rekneskap for fellesnemndene og kva rekneskapen vil omfatte kan truleg variere ut frå korleis nemndene er

organisert. I følgje Odelstingsproposisjon bør den folkevalde kontrollen av fellesnemnda ligge til kvar kommune sitt kontrollutval og kopi av revisor si rapportering bør derfor gå til kontrollutvala.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon bør det bli vurdert kva som er mest relevant. Planen bør vere fleksibel og innretta på forhold som skjer i samanslåingsprosessen. Selskapskontrollen bør ha fokus på kvaliteten på kommunane si forvaltning av eigarskap samt behov for framtidig interkommunalt samarbeid.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek saka til orientering og vil følgje med i den vidare behandlinga.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Sandøy kommune

Dato: 28.03.2017

**SAK 05/17  
OM BUDSJETTET FOR 2017 – ORIENTERINGSÅK**

Som vedlegg følgjer:

- Brev frå fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 10.01.2017 og 23.03.2017

Saka blir lagt fram utan kommentarar. Det blir lagt opp til nærmere drøfting i møtet.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar



Sandøy kommune  
Steinshamnvegen 112  
6487 HARØY

## Varsling om mogleg oppheving av Sandøy kommune sitt budsjettvedtak for 2017

Sandøy kommune har satt av kr 40 000 000 i budsjettet for 2017, og det same beløpet i økonomiplanen for 2018, i tilskot til det fylkeskommunale prosjektet Nordøyvegen. Av det samla beløpet på kr 80 000 000 kjem om lag kr 53 548 000 frå investeringsfond og resten frå disposisjonsfond.

I høve til den kommunale rekneskapsstandaren *KRS 4* punkt 3.1 nr. 9, er tilskot til *andre sine investeringsutgifter* ei driftsutgift som skal rekneskapsførast i driftsrekneskapen. Ein syner her til *andre juridiske einingar*. Det vil seie at kommunen må nytte midlar frå driftsbudsjettet for å yte tilskot til slike investeringar.

Vidare viser vi til vårt høyringssvar til budsjettet for 2016 kor vi presiserer dette, og vi viser til brev av 30. november 2016 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til Møre og Romsdal fylkeskommune, vidaresendt frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1.desember, jamfør utdrag nedanfor:

«Slik vi ser det vil fylkeskommunen si investering i Nordøyvegen vere ei ordinær fylkeskommunal investering kor Møre og Romsdal fylkeskommune blir eigar av fylkesvegen. Møre og Romsdal fylkeskommune har både finansieringsansvaret for, forvaltningsansvaret for og eigedomsretten til den fylkeskommunale Nordøyvegen. Dersom kommunar skal gi tilskot til Møre og Romsdal fylkeskommune sine investeringar i fylkesveg, skal dette førast i driftsrekneskapen til kommunane. Kommunane sine midlar på investeringsfond kan ikkje finansiere dette.»

Fylkesmannen gir med dette beskjed til Sandøy kommune om at vedtaket i kommunestyret i samband med handsaminga av årsbudsjettet for 2017 den 8.desember 2016 må vurderast å bli kjent ugyldig. Blir vedtaket kjent ugyldig vil budsjettet for 2017 ikkje kunne godkjennast.

Fylkesmannen vil be Sandøy kommune om ein uttale før vi fattar endeleg vedtak.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)  
Ass. fylkesmann

Odd Henning Aure

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



KOPI

Sandøy kommune  
Steinshamnvegen 112  
6487 HARØY

## Sandøy kommune – Lovlegkontroll av budsjettet for 2017

Vi viser til innsendt budsjett og økonomiplan for perioden 2017 til 2020, vedtatt i Sandøy kommunestyre 8. desember 2016, og revidert budsjett og økonomiplan, vedtatt i kommunestyret 9. mars 2017. Sandøy kommune er meldt inn i ROBEK. Det inneber at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal føre kontroll med at Sandøy kommune sitt budsjettvedtak er lovleg. Dette brevet inneholder vår handsaming av budsjettet og tilbakemelding på om kommunen sitt vedtak om budsjettet for 2017 er i samsvar med kommunelova og tilhøyrande forskrifter.

### 1 Konklusjon

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal finner at budsjettet for 2017 er i samsvar med kommunelova og tilhøyrande forskrifter, under føresetnad av at låneavdraget for 2017 blir korrigert slik at det ligg innanfor det minste tillatte avdrag, jf. kommunelova § 50**

**Sandøy kommune er etter reglene i kommunelova § 60 nr. 1 bokstav d underlagt statlig kontroll og godkjenning av økonomiske disposisjonar**

**Gjeldande forpliktande plan gir utmelding av ROBEK sommaren 2017**

**Fylkesmannen godkjenner at Sandøy kommune tar opp lån på inntil kr 55 964 000 for å finansiere investeringar i 2017**

### Vedtak for årsbudsjettet 2017

Fylkesmannen har kontrollert og konkludert at budsjettvedtaket er blitt til på lovleg måte, at vedtak er fatta av kompetent organ og at det har vore ute på offentleg ettersyn, jf. kommunelova § 45.

Fylkesmannen har kontrollert og konkludert med at Sandøy kommune sitt budsjett følger krava i kommunelova § 46 og tilhøyrande forskrift.

## 2 Fylkesmannen sine merknader til drifts- og investeringsbudsjettet

Ved utgangen av 2016 hadde kommunen ei netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter på 99,1 prosent, basert på den *ureviderte* rekneskapen. Investeringsbudsjettet er vedtatt med eit finansieringsbehov på kr 93 050 000 i 2017. Av dette skal kr 85 514 000 finansierast med lånemidlar, høvesvis nytt låneopptak med kr 55 964 000, og ubrukte lånemidlar med kr 29 550 000. Dei tre største investeringane er eit bustadprosjekt, Sandøytunet, og eit høgdebasseng, som til saman utgjer over 74 millionar kroner.

Sandøy kommune får ein kraftig vekst i lånegjelda i 2017, dette frå eit allereie høgt gjeldsnivå. I økonomiplanen for 2018 ligg det inne eit ytterlegare låneopptak på kr 52 800 000. Den høge gjelda gjer ein liten kommune som Sandøy svært sårbar for ein auke i rentenivået, særleg med tanke på at kommunen i praksis har avgrensingar på kva ein kan nytte (dei foreløpige) fondsreservane til.

Sjølv ei moderat auke i rentenivået gir betydeleg høgare finanskostnader. Kommunen må ha klart for seg kva potensielle meirkostnader ei renteauke kan gi, og kva dette vil bety for omfanget av tenesteproduksjonen i kommunen. Det er derfor ekstra viktig at kommunen har god kontroll på utgiftssida heilt inn mot ny kommune i 2020, og realistisk budsjettering og gode oppfølgingsrutinar vil vere naudsynt for å skape ein berekraftig økonomi.

Tilgjengelege midlar på disposisjonsfond vil vere viktig for å kunne oppretthalde den økonomiske balansen i framtida for Sandøy kommune. Ved utgangen av 2016 har kommunen kr 27 419 108 i midlar på disposisjonsfond, og kr 55 546 630 i midlar på ubundne investeringsfond.

Desse vil direkte eller indirekte vere knyta til finansieringa av kommunen sitt bidrag til fylkeskommunen for bygginga av Nordøyvegen. Bidraget må i alle høve dekkast over drifta (og disposisjonsfond). Det endelige konkrete opplegget for korleis ein skal dekke fylkeskommunen sitt låneopptak på kr 80 mill. med tillegg for lånekostnader, er slik fylkesmannen forstår det, ikkje avklart.

Det budsjetterte låneavdraget for 2017 er knappe to prosent lågare enn det kommunelova § 50 seier er det minste tillatte avdraget (ved bruk av «reknearkmodellen»), ifølge kommunen sine eigne berekningar. Dette må justerast ved ei budsjettkorregering. Ein skal òg vere merksam på at det ved ein overgang til «forenkla metode» (jf. ny kommunelov) vil avdraaga kunne bli betydeleg høgare.

Etter to år med negative netto driftsresultat i 2014 og 2015, ser det ut til å bli eit positivt netto driftsresultat på rundt 1,3 prosent for 2016. Fylkesmannen anbefaler at kommunen legg seg på eit netto driftsresultat som over tid er på minst 1,75 prosent, jamfør råd frå Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi.

## *Økonomiplan*

Kommunane skal **kvart år** vedta ein rullerande økonomiplan. Økonomiplanen skal omfatte heile den kommunale verksemda, og skal gi ei realistisk oversikt over forventa inntekter og utgifter. For kvart enkelt år som vert omfatta av planen, skal det visast dekning for dei utgifter som er oppførte, jf. kommunelova § 44.

Økonomiplanen skal vise dei framtidige konsekvensane av årsbudsjettet, og gi uttrykk for kommunestyret sine mål og strategiar for åra som kjem.

Økonomiplanen er ikkje underlagt kontroll etter reglane i kommunelova § 60. Vi vil nytte planen i samband med godkjenning av låneopptak, og for å halde oss orienterte om den økonomiske utviklinga i kommunen. Det kan gjennomførast lovlegkontroll av økonomiplanen etter reglane i kommunelova § 59 nr. 5.

## **3 Godkjenning av låneopptak**

Fylkesmannen skal godkjenne låneopptak til ROBEK-kommunar. For lån til investeringar, jf. kommunelova § 50 nr. 1, ønsker vi å godkjenne ei låneramme som skal ligge fast ut året. ROBEK-kommunar må også ha vår godkjenning for å ta opp likviditetslån, jf. kommunelova § 50 nr. 5.

### **3.1 Heimel for godkjenning av låneopptak**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal godkjenne låneopptak til Sandøy kommune, jf. kommunelova §§ 50 nr. 9 og 60 nr. 1, og Kommunal- og regionaldepartementet sitt rundskriv H-08/01. Fylkesmannen si fullmakt omfattar også mynde til å nekte godkjenning.

Kommunestyret kan innan ein frist på seks veker klage på fylkesmannen sitt vedtak til departementet.

### **3.2 Vurdering og merknader**

Investerings- og gjeldsnivået i kommunane må vurderast opp mot driftsbalansen. Driftsbalansen viser om kommunen har økonomisk evne til å svare for auka renteutgifter og avdrag som følge av nye låneopptak, og eventuelt auka driftskostnader etter at investeringa er gjennomført. Kommunar som har ein svak driftsbalanse, og genererer underskot, må etter vårt syn kritisk vurdere om investeringar som legg ytterlegare press på dei frie inntektene er absolutt naudsynte før dei vert lagt inn i budsjettet.

### 3.3 Vedtak

Med heimel i kommunelova § 50 nr. 9, jf. § 60 nr. 1, og Kommunal- og regionaldepartementet sitt rundskriv H-08/01, godkjenner fylkesmannen på bakgrunn av årsbudsjett for 2017, sak K-2016/101 og sak K-2016/111, vedtatt i Sandøy kommunestyre 8. desember 2016, og revidert budsjett for 2017, sak K-2017/19, vedtatt i kommunestyret 9. mars 2017, at kommunen tar opp lån inntil kr 55 964 000 for å finansiere investeringar i 2017.

## 4 Heimel for kontroll av kommunebudsjettet

I kommunelova § 60 har ein reglar om kva kommunar som skal vere underlagt statleg kontroll av økonomiske disposisjonar. Reglane er som følger:

*§ 60. Statlig kontroll og godkjenning av økonomiske forpliktelser.*

1. *Vedtak om opptak av lån eller vedtak om langsiktig avtale om leie av bygninger, anlegg og varige driftsmidler som kan påføre kommunen eller fylkeskommunen utgifter ut over de fire neste budsjettåra, er ikke gyldig før det er godkjent av departementet, dersom:*
  - a. *kommunestyret eller fylkestinget har vedtatt å fastsette et årsbudsjett uten at alle utgifter er dekket inn på budsjettet,*
  - b. *kommunestyret eller fylkestinget har vedtatt å fastsette en økonomiplan uten at alle utgifter er dekket inn på økonomiplanen,*
  - c. *kommunestyret eller fylkestinget etter § 48 nr. 4 annet punktum har vedtatt at et regnskapsmessig underskudd skal fordeles ut over det påfølgende budsjettåret etter at regnskapet er framlagt, eller*
  - d. *kommunen eller fylkeskommunen ikke følger vedtatt plan for dekning av underskudd.*
2. *Dersom et av vilkårene i første ledd bokstav a-d er oppfylt, skal departementet føre kontroll med lovligheten av kommunestyret eller fylkestingets budsjettvedtak.*
3. *Departementet skal opprette et register over alle kommuner og fylkeskommuner som er underlagt godkjenning. Enhver har rett til å gjøre seg kjent med det som er registrert i registeret, og få utskrift av dette.*

Fylkesmannen skal føre kontroll med om kommunen sitt budsjettvedtak er lovleg, jf. § 60 nr. 2 i kommunelova og rundskriv H-8/01 frå Kommunal- og regionaldepartementet. Fylkesmannen skal kontrollere følgande:

- Om innhaldet i budsjettet er lovleg, jf. § 46 i kommunelova. Her går det mellom anna fram at årsbudsjettet skal omfatte heile verksemda til kommunen, at budsjettet skal vere realistisk, og at driftsresultatet minst skal vere tilstrekkeleg til å dekke renter og avdrag, samt naudsynte avsetningar. Fylkesmannen viser elles til forskrift fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet 15. desember 2000.

- Vidare vil fylkesmannen kontrollere at budsjettet er blitt til på lovleg måte og at vedtak er fatta av kompetent organ jf. kommunelova § 45.

Lovlegkontrollen skal understøtte inntektsstyringa av kommunane. Vår kontroll inneber derfor i første rekke ein kontroll med at kommunane planlegg si verksemd med basis i **realistiske inntektsoverslag**. I vår gjennomgang har vi ikkje vurdert om prioriteringane i budsjettet inneber at kommunen gjennomfører alle lovpålagde tiltak i tilstrekkeleg utstrekning. I utgangspunktet føreset vi at naudsynte vurderingar av løyvingar på einskilt områder er gjennomført av kommunestyret.

#### **4.1 Bakgrunnen for kontroll av budsjettet til Sandøy kommune**

Sandøy kommune er innmeldt i ROBEK etter kommunelova § 60 nr.1 bokstav d.

### **5 Kontroll av budsjettvedtaket til Sandøy kommune**

#### **5.1 Sakshandsaminga**

Sandøy kommunestyre vedtok 8. desember 2016 budsjettet for 2017 og økonomiplanen til og med 2020. Budsjettet har blitt revidert som ei følge av at kommunen ikkje kan yte tilskot til fylkeskommunen frå investeringsfond slik det kjem fram av budsjettet av 8. desember. Budsjett- og økonomiplan er justert og vedtatt på nytt 9. mars 2017.

Fylkesmannen legg til grunn at budsjettet (per 8. desember) har vore ute til offentleg ettersyn i minst 14 dagar. Vidare er budsjettet samla i eitt dokument som er inndelt i investeringsbudsjett og driftsbudsjett. Det inneheldt elles dei krav til inndeling som går fram av budsjettforskrifta §§ 5 og 6.

#### **5.2 Kommunen sitt inntektsoverslag**

Tabell 1 viser kommunen sitt budsjetterte inntektsoverslag for skatt på inntekt og formue samt rammetilskot. Dette er kommunen sine frie inntekter.

(I 1 000 kr)	Kommunen sitt budsjett	Statsbudsjettet	KS sin prognose per januar 2017
Skatt på inntekt og formue	40 741	43 364	40 176
Brutto rammetilskot +/- Inntektsutjamning			53 759 -2 869
Netto rammetilskot	50 995	48 423	50 890
<b>Sum skatt + rammetilskot</b>	<b>91 736</b>	<b>91 787</b>	<b>91 066</b>

Tabell 1: Inntektsoverslag frå kommunen, statsbudsjettet og KS.

Kommunen sitt inntektsoverslag er samanstilt med tilsvarande prognose i statsbudsjettet frå i haust og KS si prognose frå januar i år. Denne prognosene har oppdaterte grunnlagstall for berekninga av dei frie inntektene. Desse prognosane dannar grunnlaget vårt for vurderinga av om kommunen sitt inntektsoverslag er realistisk.

Sandøy kommune sine prognosar for dei frie inntektene i 2017 er i samsvar med inntektsoverslaget presentert i samband med statsbudsjettet i haust. Kommunen sitt inntektsoverslag er noko høgt samanlikna med KS sine meir oppdaterte prognosar, med ein skilnad på kr 670 000 i høgare inntektsanslag. Dette kan bety at kommunen budsjetterer med noko for høge inntekter i 2017, i så fall anbefaler fylkesmannen at kommunen justerer budsjettet om inntektsoverslaget viser seg å vere for høgt.

Fylkesmannen vil uansett anbefale Sandøy kommune å følge nøye med på inntektsutviklinga i 2017, og tidleg sette inn tiltak dersom det viser seg naudsynt for å unngå meirforbruk i forhold til budsjett.

### 5.3 Inndecking av underskot

Reglane for korleis underskot i kommunerekneskapen skal handterast finn ein i kommunelova § 48 nr. 3 og 4.

Etter kommunelova § 48 nr. 3 skal kommunestyret, ved handsaminga av årsrekneskapen, bestemme disponering av overskot i rekneskapen eller inndecking av underskot i rekneskapen. Underskot på årsrekneskapen, som ikkje vert dekt over budsjettet i det året rekneskapen vert lagt fram, skal førast til dekning på budsjett året etter. Under særlege forhold kan kommunestyret, etter å ha gjort nødvendige endringar i økonomiplanen, vedta at underskotet skal dekkast over ytterlegare to år, jf. § 48 nr. 4.

Sandøy kommune vedtok i samband med handsaminga av rekneskapen 2014 å dekke inn underskotet frå 2014, kr 3 389 380, i 2015. Kommunestyret vedtok deretter (desember 2015) å utsette denne inndeckinga frå 2015 til 2016. Dermed følgde kommunen ikkje sin opphavelege vedtatte plan for inndecking av meirforbruket. Sandøy kommune vart derfor oppført i register om vilkårsbunden godkjenning og kontroll (ROBEK), med heimel i kommunelova § 60 nr. 1 bokstav d, etter at rekneskapen for 2015 viste at meirforbruket ikkje var dekt inn.

Kommunen har vedtatt å dekke inn det akkumulerte underskotet på kr 4 411 812 i 2016, jf. sak K-2016/101 og sak K-2016/111, og blir dermed meldt ut av ROBEK til sommaren etter at kommunestyret vedtar rekneskapen for 2016 som viser at underskotet er dekt inn. (Kommunen hadde òg anledning til å vedta å dekke inn underskotet frå 2015 i rekneskapen for 2017, og likevel bli meldt ut av ROBEK no til sommaren.)

Tabell 2 viser ei oversikt over meirforbruket i drifta for åra 2014 og 2015, og inndeckinga av dette underskotet på rekneskapen for 2016.

	2014	2015	Vedtatt dekt inn i 2016
Underskot	3 389 380	1 022 432	4 411 812
Akkumulert underskot	3 389 380	4 411 812	

Tabell 2: Inndekking av tidlegare års underskot i 2016.

## 6 Avslutningsvis

Sandøy kommune vil bli meldt ut av ROBEK etter at kommunestyret har vedtatt rekneskapen for 2016, og rekneskapen viser at det akkumulerte underskotet er dekt inn.

Gjeldsnivået til kommunen vil med det føreliggende låneopptaket i 2017 (og 2018) bli svært høgt. Ein kommune av storleiken til Sandøy vil vere ekstra sårbar for høge gjeldskostnader. Dette krev ein plan for både å redusere kostnader og nivå i tenesteproduksjonen om det skulle bli naudsynt for ikkje å få underskot i driftsrekneskapen.

### *Rekneskap 2016*

Varsel om nye inn- og utmeldingar av ROBEK, vil bli vurdert i samband med innsending av endeleg vedtatt rekneskap frå kommunane. Etter §§ 9 og 10 i forskrift om ”årsregnskap og årsberetning”, skal kommunestyret vedta årsrekneskapen innan **1.juli** og det skal vere sendt fylkesmannen innan **1.august**.

Vi vil til slutt minne om at § 48 nr. 3 i kommunelova seier at kommunestyret ved behandling av årsrekneskapen, **skal** angi disponering av overskot i rekneskapen eller inndekning av underskot i rekneskapen.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)  
Ass. fylkesmann

Odd Henning Aure

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi:

KOMREV3 IKS Postboks 7734, Spjelkavik 6022 ÅLESUND